



Bø kommune

Kommuneplan 2013-2025

Samfunnsdelen



Innhald

Føreord	3
Innleiing	4
Visjon	4
Tre satsingsområde.....	5
1. Bø – regionsenter i Telemark.....	5
2. Bø – ein nyskapande kommune.....	8
3. Bø – ein god stad å bu.....	9



Føreord

Alle landets kommunar skal revidere kommuneplanen kvart fjerde år. Det har ofte knytt seg stor interesse og engasjement rundt arealdelen av kommuneplanen, fordi den blant anna fastsett kor ein tillèt utbygging. Samfunnsdelen av kommuneplanen har vore ein del av heilheita, men oftast møtt med låg interesse. Slik er ikkje situasjonen lenger.

I følgje Plan- og bygningslova skal kommuneplanens samfunnsdel vere eit operativt utviklings- og styringsverktøy på kort og på lang sikt. I praksis betyr det at denne er styrande for arealdelen og anna kommunal planlegging. Arealplanen må bygge på samfunnsdelen. Bø kommune har derfor lagt mykje arbeid i utarbeiding av denne planen, både administrativt og politisk. Det heile starta våren 2013 med eit møte i formannskapet der representantar for Svelvik kommune fortalte om korleis dei hadde jobba med sin samfunnsplan.

Her hos oss i Bø blei det nedsett ei administrativ arbeidsgruppe der også ordførar møtte. Forslag blei utarbeidd og sendt ut på brei høyring. I høyringsperioden blei det gjennomført tri såkalla kafémøte innanfor forskjellige tema. I kvart møte kom det mellom 40 og 60 av Bø sine innbyggjarar. Etter dette ferdigstilla administrasjonen sitt forslag og la det fram til politisk behandling. Den polititiske behandlinga var også omfattande. Fyrst formannskapet, deretter eit kommunestyremøte som drøfta planen, for til slutt å vedta gjeldane plan i kommunestyret i desember 2013.

Eg er svært nøgd med den jobben som er gjort. Den samfunnsdelen av kommuneplanen me nå har vil vere eit godt arbeidsdokument i den vidare jobben me skal gjere som folkevalte. Eg meiner planen peikar framover, er offensiv og konkret.

Til slutt lovar eg at planen skal bli eit mykje brukt dokument og kompasset for den utviklinga me ynskjer oss.

Bø 24.1.2014

Olav Kasland
Ordførar

Innleiing

Ein kommuneplan er kommunen sitt overordna styringsdokument heimla i plan- og bygningslova. Kommuneplanen består av to delar; samfunnsdelen med handlingsdel og arealdelen. Samfunnsdelen skal beskrive kommunen sine overordna mål og strategiar for utvikling av lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanens arealdel. Arealdelen skal vise korleis ein ser for seg samanhengen mellom den lokale samfunnsutviklinga og arealbruken. I kommuneplanens samfunnsdel legg kommunestyret føringar for bruken av areal i kommunen, og planen bør difor ha eit overordna og langsiktig perspektiv. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsplan der kommunestyret konkretiserer korleis måla i samfunnsdelen skal følgjast opp. Handlingsplanen skal henge saman med kommunen sin fireårige økonomiplan. Kommuneplanen skal rullerast kvart 4. år og handlingsdelen reviderast kvart år. Alle kommunedelplanar, sektor- og temaplanar skal vere forankra i kommuneplanen.

Visjon

Ein visjon kan sjåast på som eit ønskje for framtida; som ein uforpliktande draum, men visjonen kan også vere ei konkret og målbar målsetting; eit bilete på kva ein skal få til gjennom å tenke stort og langsiktig. Kommuneplanen forpliktar og legg føringar for prioriteringar og politiske vedtak. Politikarane skal bruke planen aktivt i sitt arbeid. Kommunestyret i Bø har for planperioden 2013-2025 lagt til grunn følgjande visjon for arbeidet:

Bø – bygda for trivsel, mangfald og vekst

Bø kommune skal framleis, sjølv om ein som følgje av befolkningsveksten ser tendensar til urbanisering, styrke identiteten som bygd eller ein småby. Bø skal vere en attraktiv studiestad og ei triveleg og mangfaldig bygd der unge og eldre ønskjer å busette seg og å bli verande. Grunnlaget for auka busetnad er mulegheit for å få seg jobb, og Bø skal også i framtida vere ein stad der næringslivet ønskjer å etablere seg og utvikle nye arbeidsplassar. I eit globalt perspektiv er klimaendringane truleg vår tids største utfordring. Bø kommune er ein del av denne utfordringa og må innrette utviklinga i retning av eit samfunn med låge utslepp.

Tre satsingsområde

1. **Bø – regionsenter i Telemark**
2. **Bø – ein nyskapande kommune**
3. **Bø – ein god stad å bu**

Strategiar handlar om å gjere val og å prioritere kva som skal til for å nå dei målsettingane som ligg i visjonen. Kommunestyret har i arbeidet med kommuneplanen peika på følgjande vesentlege tema under dei tre satsingsområda:

- Folkehelse og omsorg
- Klima og miljø
- Kommunen som aktør og kompetansearbeidsplass
- Kultur og idrett
- Næringsutvikling og vekst
- Oppvekst og utdanning

Til kvart satsingsområde er det formulert eigne mål og strategiar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Bø kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Samfunnsutvikling er eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar. På fleire område er kommunen sitt beste bidrag å legge til rette.

1. Bø – regionsenter i Telemark

Bø kommune er ein attraktiv kommune med vekst både i busetnad og arbeidsplassar. Dette skuldast i hovudsak høgskule- og forskingsmiljøet, vidaregåande skule, offentlege og private verksemdar, gode kommunikasjonar og eit variert og godt nærings-, kultur-, underhaldnings- og handelstilbod. Bø kommune er vertskommune for Høgskolen i Telemark med om lag 2500 studentar knytt til studiestad Bø, og for Bø Sommarland som i løpet av korte sommarmånader har om lag 150 000 besøkande. I Bø er det også gode mulegheiter for aktivitet på vinterstid. Bø har ein vekst i busetnad og talet på arbeidsplassar over landsgjennomsnittet. Dette har gjort at Bø er eit regionsenter i Telemark og eit naturleg senter i Midt-Telemark.

Hovudmålsetting for Bø – regionsenter i Telemark

I planperioden er det naturleg å legge til grunn at Bø vil få ein vekst på om lag 1200 nye innbyggjarar. Skal ein unngå at desse blir pendlerar ut av kommunen, må vi skape om lag 500 nye arbeidsplassar. Det er ei målsetting å legge til rette for å styrke Bø kommune sin status som studiestad, som naturleg knutepunkt for tog og buss, som handelssenter og sentralt turistmål i Telemark.

Målsetting

1.1 Bø kommune skal i planperioden ha vekst i folketallet på høgde med landsgjennomsnittet.

1.2 Bø skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster med eit, kompakt sentrum og bustadområde i gang/sykkelavstand til dette.

1.3 Bø kommune skal ivareta bygda sine kvaliteter knytt til attraktive friluft- og naturområde.

1.4 Bø kommune skal i planperioden legge til rette for eit variert næringsliv med vekst i talet på arbeidsplassar.

Strategiar

1.1.1 Stimulere til bustadbygging
1.1.2 Vidareutvikle pendlartilhøva for buss og tog
1.1.3 Skape attraktive møteplassar i sentrum
1.1.4 Legge til rette for eldre som vil etablere seg sentrumsnært og for rimelege bustader for nye etablerarar og hushald med ein person
1.1.5 Opne for spreidd bustadbygging og mindre huskrullar i krinsane

1.2.1 Redusere arealforbruk pr innbyggjar til utbyggingsføremål
1.2.2 Ivareta naturmangfald, viktige friluftsområde og dyrka mark ved planlegging av utbyggingsområde

1.3.1 Utbygging av hytteområde bør skje i tilknytning til eksisterande hytteområde på Lifjell og langs Reskjemvegen
1.3.2 Sikre grøntareal langs Bøelva

1.4.1 Bø kommune skal i samarbeid med kommunane i Midt-Telemark vidareutvikle det næringspolitiske samarbeidet med tanke på å sikre nyetableringar
1.4.2 Som næringsvennleg kommune, skal det leggjast til rette for at Midt-Telemark framleis er det viktigaste området innan reiseliv, landbruk og næringsverksemd i Telemark
1.4.3 Kommunen skal legge til rette for at Midt-Telemark framleis skal vere det viktigaste landbruksområdet i Telemark

- 1.5 Bø kommune skal som vertskommune for Høgskulen i Telemark og Bø vidaregåande skule bidra til å vidareutvikle og styrke Bø sin posisjon som skule- og kompetansesenter i Telemark.**
- 1.5.1 Bø kommune skal ha ein konstruktiv dialog med Telemark Fylkeskommune og Høgskulen i Telemark for lokalt å kunne støtte og legge til rette for vidare utvikling
 - 1.5.2 Bø kommune skal ha ein skulepolitikk med kvalitet som tek i vare og styrkar kommunen sin renommé som skulekommune
- 1.6 Bø kommune sin posisjon som knutepunkt for kommunikasjon (tog/buss) skal styrkast.**
- 1.6.1 Legge til rette for å vidareutvikle stasjonsområdet som senter for kollektivtrafikk i arealplanar.
 - 1.6.2 Planlegge bustadbygging nær stasjonsområdet for å styrke trafikkgrunnlaget
 - 1.6.3 Arbeide for å styrke togtilbodet langs Sørlandsbanen i retning Oslo-området, Kristiansand og Stavanger, med korresponderande kommunikasjon mot Notodden og Grenland
 - 1.6.4 Arbeide for å styrke busstilbodet vestover og at dette korresponderer med togtilbodet
- 1.7 Bø kommune skal ha eit fortetta og levande sentrum der ein gradvis bygger ein kvartalsliknande struktur.**
- 1.7.1 Bø kommune skal i planperioden oppretthalde ei restriktiv sentrumsavgrensing i kommuneplanen
 - 1.7.2 Sikre alternativ trasé for Rv 36 i tunnel utanom sentrum
 - 1.7.3 Nye større bustadområde skal ligge i gang- og sykkelavstand til Bø sentrum
 - 1.7.4 Bø kommune skal i areal- og reguleringsplanar legge til rette for fortetting av sentrale tomter
 - 1.7.5 Redusere konfliktane mellom Bøgata som gjennomkøyringsveg og sentrumsgate

2. Bø – ein nyskapande kommune

Bø kommune er Bø kommune sin viktigaste aktør. Det er å få til nyskaping utan kommunal politikk og administrasjon som tek kommunen si rolle som samfunnsutviklar på alvor, og som på ulikt vis gjennom vedtak og bruk av kommunale ressursar, bidreg til å legge til rette for og støtte opp om lokale initiativ. Bø kommune har gode tradisjonar på å vere fleksibel og nyskapande. Etableringa av Bø Sommarland og Gullbring er godt kjend. Av nyare initiativ kan nemnast fleirbrukshallen ved Bø vidaregåande skule, etableringa av skianlegget i Nordbøåsen og samarbeidet med Høgskulen og studentsamskipnaden om bygging av ny barnehage og studentkro. Kommunen har ansvar for å levere gode tenester til innbyggjarane. Dette skal gjerast innanfor ei definert økonomisk ramme som, ved sidan av å finansiere den kommunale aktiviteten, skal sikre kommunalt økonomisk handlingsrom. Samtidig står kommunen, som tenesteleverandør, overfor store utfordringar knytt til drift og organisering. Det er her nok å nemne samhandlingsreforma, auka bruk av digitale løysingar og ikkje minst forventningane frå innbyggjarane om gode brukarretta tenestar. Dette stiller høge krav til den kommunale leiinga og dei kommunalt tilsette.

Hovudmålsetting for Bø – ein nyskapande kommune

Kommunen skal ha ein personalpolitikk som tek i vare dei tilsette på ein god måte og som sikrar at ein har rett kompetanse på rett plass. Kommunen skal effektivt levere gode tenester innanfor vedtatt økonomisk ramme. Bø kommune skal bruke eit enkelt, klart og brukarvenleg språk og styrke kompetansen i nynorsk.

Målsetting

2.1 Bø kommune skal levere gode og brukarretta tenester der vi brukar dei kommunale ressursane mest muleg effektivt .

Strategi

- 2.1.1 Bø kommune skal bruke relevant styringsdata for å kunne samanlikne oss med samanliknbare kommunar.
- 2.1.2 Bø kommune skal i samarbeid med kommunane i Midt-Telemark for å vidareutvikle felles løysingar der det er naturleg.
- 2.1.3 Bø kommune skal aktivt arbeide for å slå saman kommunar for å skape ein meir berekraftig kommunestruktur
- 2.1.4 Samarbeid med kommunane i Midt-Telemark arbeide for å ta i bruk felles digitale løysingar der det gjev ei meir effektiv drift.

- 2.1.5 Bruke spørjeundersøkingar for å kartlegge brukarerfaringar i arbeidet for å skape ein meir serviceinnstilt organisasjon
 - 2.1.6 Etablere tettare samarbeid med frivillige lag og foreiningar for utvikling og drift av brukarretta tenester
 - 2.1.7 Lage ein forpliktande vedlikehaldsplan for kommunale bygg og anlegg
- 2.2 Bø kommune er ein attraktiv arbeidsplass der tilsette har gode haldningar i møte med brukarar og kollegaer, og der ein arbeider aktivt med å bygge og rekruttere god og riktig kompetanse.**
- 2.2.1 Utarbeide kompetanseplanar for alle sektorar i Bø kommune
 - 2.2.2 Ha ein løns- og personalpolitikk som legg til rette for å rekruttere og behalde viktig kompetanse.
 - 2.2.3 Tett oppfølging av leiarar på ulikt nivå
 - 2.2.4 I samarbeide med dei tilsette arbeide for eit arbeidsmiljø der ein tek vare på kvarandre og der sjukefråværet er lågare enn landsgjennomsnittet
- 2.3 Bø kommune skal som organisasjon driftast miljø- og klimavenleg.**
- 2.3.1 Kutte i klimautslepp frå kommunal verksemd i tråd med nasjonale mål
 - 2.3.2 Gradvis erstatte kommunal bilpark med meir miljøvenlege bilar
 - 2.3.3 Sertifisere Bø kommune som Miljøfyrtårn

3. Bø – ein god stad å bu

Den store tilflyttinga til kommunen dei siste tjue åra, viser at Bø kommune blir oppfatta som ein attraktiv stad å busette seg. For det store fleirtalet av innbyggjarane, er Bø kommune ein god stad å bu og å bli verande. Bø kommune kan kulturelt og sosialt sjåast på som ein «bygdeby», ei bygd eller småby med dei kvalitetar ein gjerne forbinder med bygda, men med eit godt utbygd byliknande kultur- og utelivstilbod. Bø kommune har dei siste åra vore rangera blant landets fremste kulturkommunar.

Bø kommune har sosiale utfordringar. Dette er særleg synleg i form av høge sosialutgifter og fleire unge uføre enn i kommunar vi kan samanlikne oss med. Folkehelseprofilen viser at kommunen bør styrke det kommunale folkehelsearbeidet, og særleg arbeidet med tidleg førebygging. Dette krev høg bevisstheit om kvalitet i det førebyggjande arbeidet, og godt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage og skule.

Kommunen har som mål, i ein breitt anlagt kultur- og oppvekstpolitikk, at ein i samarbeid med frivillig sektor skal arbeide for at unge som veks opp i Bø er trygge og utviklar seg til å bli «gagns menneske¹». Kvaliteten på det vi forstår som velferdssamfunnet er primært bestemt av kvaliteten på dei tenestene som kommunen leverer. Kvaliteten på desse tenestene vil avgjere om Bø kommune framleis skal vere ein god stad å busette seg.

Hovudmålsetting for Bø – ein god stad å bu

Ved sida av å ha ein god og brukarretta oppvekst-, helse- og velferdssektor, der ein i størst muleg grad tek omsyn til individuelle behov, må ein frå kommunen si side arbeide for å skape ein heilskapleg helse- og velferdsplan. Ein må i arbeidet med å utvikle det gode samfunn, heile tida legge eit miljø-, kultur- og folkehelsefagleg perspektiv til grunn.

Målsetting

Strategi

3.1 Bø kommune skal ha ein oppvekstpolitikk der det langsiktige målet er at barn som veks opp i Bø gjennomfører vidaregåande utdanning.

- 3.1.1 Tidleg innsats og godt samarbeid mellom familiar, helsestasjon, barnehage og skule for på tidligast muleg tidspunkt sette i verk tiltak for familiar og ungar som slit.
- 3.1.2 Ha ein skulepolitikk der ein ved hjelp av god kvalitet på undervisninga og fokus på sosiale utvikling, kvalifiserer dei unge for gode resultat i vidaregåande skule

3.2 Bø kommune skal vere ein av landets fremste kulturkommunar.

- 3.2.1 Ivareta og vidareutvikle bygg og anlegg og gjennom det legge til rette for eit breitt kulturtilbod.
- 3.2.2 Styrke kulturskulen
- 3.2.3 Kommunen skal i planperioden ha eit sterkare fokus på innhaldet i kultursatsinga, vidareutvikle og styrke samarbeidet med det frivillige kulturlivet og betre rammevilkåra for dei frivillige kulturaktørane

¹ http://www.levanger.kommune.no/PageFiles/357753/gangs_menneske_bjto.pdf

- 3.3 Bø kommune skal ha ein positiv utvikling i folkehelseprofilen.**
- 3.3.1 Ha fokus på folkehelse i all planlegging og vidareutvikle folkehelsesamarbeidet med ulike aktørar
- 3.4 Bø kommune skal legge til rette for at innbyggjarar, unge som eldre, med spesielle behov skal ha eit aktivt, trygt og godt liv.**
- 3.4.1 Bø kommune skal levere gode brukarretta helse- og omsorgstenester
- 3.4.2 Samarbeide med frivillige lag og foreiningar for utvikling og drift av ulike tenester
- 3.5 I Bø kommune skal flest muleg av dei som har behov for daglege helsetenester kunne bu heime så lenge som muleg.**
- 3.5.1 Bø kommune skal i planperioden prioritere heimesjukepleia og arbeide for å få på plass ei omsorgstrapp som tek i vare den enkeltes medisinske behov og behov for tryggleik i det daglege
- 3.5.2 Halde fokus på aktiv rehabilitering i heimen og at det bør vere tilbod om rehabilitering på den nye korttidsavdelinga
- 3.6 Bø kommune skal vere ein inkluderande kommune og bidra til busetting av flyktingar.**
- 3.6.1 Ta imot flykningar på same nivå som tidlegare
- 3.6.2 Samarbeide med frivillig sektor om integrering av innvandrarar
- 3.7 Bø kommune skal tryggje lokalsamfunnet ved krise og alvorlege hendingar.**
- 3.7.1 Styrke samfunnsberedskapen og førebygge gjennom god planlegging og øvingar
- 3.7.2 Sørge for å følgje hovudprinsippet om at den verksemda som har ansvar for ein sektor i ein normalsituasjon også har ansvaret i ein krise-/beredskapssituasjon